

- kollas!
- fotografi
- brev
- illustrasjon
- utklipp
- teikneserie
- fargelegging
- møling
- fortelling
- tips og triks
- anbefaling
- favorittar

Det er ironisk at kreativitet blomstrar innenfor rammer. Når du skal lage zine er det kun kreativiteten som sett grenser. Men for å byrje treng du eit A4-ark og noko å skrive, teikne, lime på eller farge med.

1. brett og klipp som vist
2. nummerer sidene
3. SKAP!



Om du vil lage digitalt og printe ut, kan du laste ned gratis mal her:

Znippen på Pinterest

minidokumentar

brattyxbre på YouTube

Make a Zine NOW

Sett 5k ganger · for

@noelleworehat

på Instagram og tiktok

Zine kjem frå ordet magasin og er ein heimelaga publikasjon. Der magasin har kommersielle formål, har zines andre - til dømes å formidle kunst, politikk, tankar og idear. Dei er ofte printa på vanleg papir på vanleg printer, for å raskt og billig kunne spreiaast. Zines blomstra under punker-tida, då det vart bruka for å spre informasjon, musikk og politiske idear, som elles ikkje var å finne i tradisjonelle medier. I Noreg har ikkje fenomenet vore utbredt. Difor lagar eg denne, i håp om at du skal få lyst til å lage din eigen!



Ditt eige mini-magasin med artiklar, intervju, fotoseriar eller kva enn du ynskjer å ha med. Spre **info om ein kampsak** ved å samle res-sursar, info og tankar om ein sak du brenn for. Legg den i postkassene til folk for å spreie bodskapen - slik punkerane gjorde det.

Reklamer for bandet ditt, ved å lage ein liten zine om bandet, kor folk kan finne dykk og om de har nokre komande konsertar.

Del dikt og poesi. Om du likar å skrive, er zine-formatet perfekt for å få ut orda dine. Med 8 sider har du det perfekte rom for å lage ein **teikneserie**. Kanskje er det til og med noko folk ynskjer å betale for etterkvart!

Vær kreativ!

teknikkar å prøve

linosnitt (fleire små, eller ein stor)
handskrift - tussj, blyant e.l.
akvarell - eller anna måling
analogt og digitalt (i kombinasjon)
mixed media

- fotobok
- teikneserie
- mini-magasin
- kunstbok
- novelle
- anmeldelse
- diktbok

slik lagar du zine

ein zine om å lage zine av Ola G. Snippen

Overvelda? Start her.

- Finn fram:
- ark
 - saks
 - penn, blyant eller maling

Brett arket som vist på baksida. Nummerer sidene.

Lag ein zine med ein av desse titlane:

- "min dag"
- "kven er eg?"
- "familien min"
- "mitt beste minne"

Del gjerne resultatet på instagram eller tiktok og tagg @znippen!

